

# Umyndiggjeringa av Arne Garborg

Rolf Erik Solheim, fritenkjar emeritus  
Arvika, Sverige  
rolf@framtiden-er-din.com

Artikkel i «Syn & Segn» mai 2011



Garborg-boka *Med lykti i hand* (Efrem kristne forlag) vert i dagane omtala i aviser som ei ”god bok”. Og det er sant, for her er mange interessante bidrag. Men: Det store spørsmålet er om første del av boka er eit kamuflert kristendomsprosjekt? Ein kan spekulera om redaktørane har hatt fylgjande agenda:

Om dei må erkjenna at Garborg tok avstand frå dogmatisk kristendom, kan dei i alle fall umyndigforklara han ved å gjera han til ein ”evig søkjar” som aldri nådde nokon konklusjon i livssynsspørsmål. Med nokre sekulære medforfattarar får prosjektet legitimitet. Slik kan dei ufarleggjere han for den kristne framtida og halde fram med å lett-prostituera han i kyrkjene på Jæren, og i halvreligiøse syngespel. For han var jo ein av-og-til-kristen!

Dette mulege formålet med boka skal eg her gjera greie for.

## **Tittelen på boka – eit hån mot Garborg**

Tittelen *Med lykti i hand* inneheld ei dobbel mistyding av Garborg.

For det første: Denne ”lykti” står ikkje i noko han sjølv har skrive. Den er tatt ut av presten Ivar Mortensson-Egnunds dikt-tale ved gravferda i 1924:

*Då ser eg ein mann som med lykti i hand  
gjeng leitar og leitar på strand.  
Um eitkvart han finn, han leitar på nytt.*

Det var Egnund som ordna det slik at det vart statskyrkjeleg gravferd, og det vart mange byråkratiske krumspring for å få til ein kyrkjeseeremoni. Garborg var jo utmeld or statskyrkja. Hulda og Tuften protesterte.

Hulda skriv i dagboka: *Tuften og eg vart mållause – Hadde Ivar so lite greie på Garborg? Hadde ikkje eingong han lese bøkene hans dei siste 10 - 20 åri ... Men no hadde Ivar budd seg på kyrkjeleg preike, ornat, salmar osv. Det hadde vore som ei stille høgtidsfull kyrkje i huset vårt dei dagane som var gått sidan Garborg slokna; no braut det inn noko vondt som eg ikkje greidde. Ei uhygge som slog Tuften og meg ned. Heile dette oppstyret vart for oss til eit hån mot hans minne som berre so inderleg bad um kvile og fred – .*

Hulda melde seg ut av statskyrkja 14 dagar seinare.

For det andre: Tittelen *Med lykti i hand* set tonen for heile boka, der det gjeld at Garborg ikkje kjem fram til noka endeleg løysing, sanning eller fred med seg sjølv. Gravtalen til Egnund med Garborg ”på evig leiting” er utgangspunktet til innleiinga i boka. Og når talen sluttar med fylgjande: *Krossen skin som den stille stjerne, den kann me fylgje so trygt og gjerne*, så er dette eit hån mot Garborg og alt han stod for. Slik blir også mykje i første delen av boka *Med lykti i hand* eit hån mot Garborg, fordi han blir umyndiggjort i ein evig tru-og-tvil-prosess.

Sviket, som Egnund står for ved å ta innersvingen på bestevenen etter hans død, finns det mest ikkje ord for.

### **”På evig leiting”?**

Det er altså berre første delen ”Garborg på leiting”, som vert adressert i denne artikkelen. Her prøver forfattarane å seie noko (eller avstår frå å seie det dei skulle ha sagt) om Garborgs livs- og samfunnssyn.

Ved å bruka Egnund sin tale som utgangspunkt har hovudfokus vore å saumfara gudstrua, verdi- og livssynet til Garborg. Og det er jo flott, for lite er skrive og sagt om korleis Garborg kjempa seg fram i ein fordjupingsprosess til eit utvida livs- og samfunnssyn etter at han i 1890-åra var ferdig med sin religiøse strid. Difor vert denne ”evige leitinga” som redaktørane legg opp til merkeleg. Det kan sjå ut som dei brukar Egnund sitt eige triks på Garborg. For Egnund må ha visst kor Garborg stod då han kom på at han skulle frelsa han ved sjøve gravferda, det han ikkje lukkast med medan han levde.

Tor Lie si religionspsykologiske doktoravhandling ved Lunds universitet i 2007, (*Symptombærer og symptomløser. Arne Garborgs vei til et varig livssyn (1851-1894). En psykologisk studie*), har ikkje ein einaste av forfattarane til *Med lykti i hand* teke omsyn til eller nemner med eit einaste ord!

Sjøelve grunnlaget for vår åtferd, våre handlingar, kva vi seier og skriv ligg gøymt i verdi- og livssynet. Det gjeld for både meg og deg, og jamvel for Arne Garborg. Medan Garborgåret

2001 hadde ca 450 tilstellingar, var det berre EI (1) som tok opp det som var det viktigaste i livet hans, sjølv grunnlaget for å forstå mennesket Arne Garborg: Verdi- og livssynet.

Difor er det spennande når det på 10 år ikkje har vore ei einaste norsk avhandling om dette temaet, og så kjem dei her på løpande band. Men paradokset er kolossalt: Ikkje berre kjenner fem av dei ”fremste garborg-kjennarane i landet” ikkje til Tor Lies store arbeid, men tek heller ikkje omsyn til kva Garborg faktisk dreiv med dei siste leveåra. Og om dei gjer det, vert det bagatellisert slik at dei får det til å sjå ut som han aldri nådde nokon konklusjon i livssynsspørsmål.

Livsanskuinga hans etter 1894 var basert på Livet sjølv, og alt han skreiv seinare var prega av denne ”omvendinga til livet”. Frå tidlegare religiøst grubleri og ateisme, kjem då programerklæringa formulert i *Troen på Livet*, og straks etterpå den store eksplosjonen *Haugtussa*. Her kastar han seg ut i fritt løp og – gjennom den synske Veslemøy – opplever han at alt i naturen har liv. *Den burtkomne Faderen* og *Jesus Messias* set eit slags punktum for denne prosessen, som konkluderer med eit livssyn som korkje er ateisme eller kristendom, men som meir er i slekt med grunntankane hos Leo Tolstoy og Mahatma Gandhi. Han formulerer seg slik i dagboka 23.2.1907:

*I ”Den burtkomne Faderen” og ”Jesus Messias” har eg gjort det eg kunne til å jamne Veg for Folk av mitt Slag, jamne Veg, så dei kann finne fortare, og dermed vel lenger fram enn eg kunne vinne. Eg skjønar meir og meir, at eg her har gjort det eg kunne gjera; og då min Veg låg her, så må eg og tru at eg har gjort det eg skulle gjera ... eg er glad for at eg fekk leva so lenge at eg kom så vidt „til Ro” ; fekk sjå utover Tilværet mitt i Samanheng. Som Livet var lagt til Rettas for meg, så var det dette religiøse eg fyrst og fremst måtte klara.*

Her peikar han ut vegen vidare for andre søkjarar som var som han. Han kallar dei ”folk av mitt slag”. Og med dette var han ferdig med å leita etter meininga med *sitt* liv. Han er ikkje lenger ein søkjar, og i åra frametter fordjupar han berre sitt livssyn.

Den einaste som i første del av boka kjem inn på Garborg sitt universelle livssyn i dei siste leveåra er Tor Obrestad. Han hevdar at Garborg *mot slutten av livet fann eit livssyn han kunne kvile på*. Dette passar redaktørane så ille at dei set Obrestad på plass i innleiinga med at dette er *på tvers av andre Garborg-forskarar sine synspunkt*.

Obrestad sitt synspunkt er nemleg farleg for den agenda redaktørane har lagt opp til ... Farleg ikkje berre for boka, men for heile den famlande, kvasireligiøse og tvisynte Garborg som mange garborg-synsarar har freista å stadfeste.

Om det skulle visa seg at Obrestad har rett, at Garborg faktisk vaks forbi dei religions-filosofiske diskursane i boka, ville det meste av det som står i ”Garborg på leiting” falle platt til marka. Difor gjeld det å halda mannen ved liv ”på evig leiting” og framstilla han som ein vinglepave, ein tru-og-tvil-person, som kan gje stoff til aldri så mange vinklingar på hans ateisme, anarkisme, kristendom, teosofi, spiritisme, eller kva det nå var.

Obrestad kom i 1991-92 med biografiane om både Arne og Hulda. Han skriv i eit innlegg i *Dag og Tid* 28. januar 2011:

*Eg må innrømme at eg har mykje meir respekt for den gamle Garborg i dag enn eg hadde i 1991. . . Det var jo derfor Hulda heldt ut med han: Han var så oppegående, meir enn nokon mann ho kjende!*

## **Jesus Messias-prosjektet**

I 1906 kom boka *Jesus Messias*, og teologane kasta seg over ho for å riva henne i fillebitar. I boka *Med lykti i hand*, tek nå to teologar, Eskil Skjeldal og Arnfinn Haram, på nytt opp tråden og skal finna ut kor Garborg stod teologisk. Spørsmålet er det same som for hundre år sidan: Er det dei teologiske brillene som gjer at dei ikkje klarer å gjennomskode Garborg? Er dei så opphengde i eigen teologi at det vert berre overflatiske betraktningar: Ville han vore ein kristen i dag eller ikkje? Var han ein truande, eller berre ein ”tråkig moralfilosof”?

Garborg gjekk gjennom mange fasar av tvil og tru fram til han skreiv *Troen på livet* i 1894. Spesielt må ein setje dette essayet saman med ”den avklara ro” som Hulda fortel om, og som prega han dei siste 20 åra. Det gjer ikkje teologane.

Skjeldal insisterer på å gjera Garborg til ”teologen Garborg”, for då kan han handteras med verktøyet ”teologi”. Han brukar ordet ”teolog” i ulike former 47 gonger. Det er som om ein berre gjentek det mange gonger, vert nok Garborg til slutt teolog. Kven er dette skrive for? Er det dei kristne som skal sparast og få Garborg utspedd slik at dei slepp å lesa den knusande dogmekritikken?

Haram klarer heller ikkje å sjå at den gnosis Garborg er inne på ikkje let seg teologiseras. Han gjev då opp og kallar Garborgs ”teologi” for ”kløktig, men keisam” og sluttar med at det er Garborgs poesi som gjer mest inntrykk. Det var då vel.

Når Skjeldal framheld *Den burtkomne Faderen* som sentral i Garborgs ”teologiske” prosjekt, og hevdar samtidig at Garborgs religiøse søking ”spriker i alle retninger og lar seg kanskje aldri begripe”, kan ein undrast om han i det heile tatt har opna dagbøkene.

Hulda skriv nemleg i innleiinga til desse:

*Mest harma det honom, at Den burtkomne Faderen av mange vart teki for ei teologisk oppbyggjingsbok. 'Garborg har nu opgit kunsten og slått sig på gudfrygtighed og opbyggelseslitteratur'. Titelen var deim nok. Og han som meinte, at han her hadde tala så tydeleg og klårt og ærleg om sitt syn på kyrkja og teologien, at det skulde vera rådlaust for nokon å mistyde han.*

Lenger har altså ikkje teologane kome med Garborg på hundre år.

I dagboka 9. mars 1907 skriv han:

*Men Tankane klarna for meg etterkvart; og i „Læraren”, og endå meir i „D. b. Faderen”, er dei så vidt avklarna, at eg no, då eg dertil gjennom Arbeidet med „Jesus Messias” har kome til å sjå, at desse Tankane i Røyndi er Kristendomen, og at denne - sanne - Kristendomen er den høgste Mannedom Verda enno har nådd, - kjenner meg roleg, har fått Samanheng i mitt Syn, og fått eit Livssyn som gjev Arbeidsro. No fyrst kan eg seia at eg kjenner meg vaksen.*

Når Garborg sjølv formulerer seg så sylkvast, kva er då meininga med denne akademisk-teologiske akrobatikken som ikkje kjem ein millimeter nærare mennesket Arne Garborg?

Og kvifor undrar ikkje teologane på at Garborg i 1921 ville skriva om *Jesus Messias*? (Sjå lenger nede)

## **Garborgs livssyn – er det religion?**

30. april 1905 skriv Garborg i dagboka:

*Rett Kristendom er, som den rette Buddhisme og den rette Konfutsé-Tru, den: du skal tru på det sanne; du skal gjera det gode og forsaka det vonde; du skal elske din neste som deg sjølv. Di meir ein lærer å sjå det, og di mindre ein bryr seg om dei bileta me kan gjera oss av eit anna liv, di nærare kjem ein det Gudsrike på Jorda, som alle dei store Meistrane har forkynt.*

I ”forskinga” på Garborgs livssyn blandar ein ofte saman tida før og etter 1894 utan å sjå evolusjonssteget i *Troen på livet*. Difor kallar ein gjerne hans søking for eit *religiøst* prosjekt. Han har også sjølv kalla det ”dette religiøse”. Men i lys av konklusjonen i *Jesus Messias* og mange artiklar han skreiv seinare, ligg det nærare å kalla ”omvendinga” hans, for ei spirituell oppvakning. Livet er for Garborg i seg sjølv så kolossalt, så overveldande, storslått og mystisk, at det utan teologi, prest eller kyrkje, kan vera vegleiar til Guddommen, eit omgrep som altså ikkje let seg teologiseras. Dette perspektivet er belyst i boka *Livet – og andre forunderlige ting*<sup>1</sup>, der livstrua hans er sett i bås med Leo Tolstoy, Albert Schweitzer og Henrik Wergeland.

På Garborg si tid var det ingen skilnad på religion/teologi og spiritualitet/gnosis. Gnostisismen var stort sett ukjend, og er oppført i Aschehougs store leksikon frå 1909 som ei kjettarrørsle. Gnostikarane og gnostisismen vart forfylgde og utrydda dei første århundra etter kyrkjemøtet i Nikea 325. Gnostiske skrifter var ukjende for Garborg og resten av verda. Først etter funna i Nag Hammadi (med bl a Thomasevangeliet) i 1945 vart gnostisismen kjend, og ein byrja å nysta opp kva mysterieskolar stelte med rundt middelhavslanda, både før og etter vår tidrekning. Her finns ingen dogmatikk, ingen teologi og ikkje noko ein skulle ”tru på”. Gnosis var ein utviklingsprosess for å etablere eit personleg forhold til ein ikkje-teologisk Guddom. I Garborgs ”religiøsitet” kan ein difor sjå, slik han gjer greie for i dagbøkene og i fleire artiklar, at her finns eigentleg ikkje nokon ”teologi”. Han er nemleg gnostikar.

Men fleire forfattarar insisterer på og vil absolutt tvinga Garborg inn i ei religiøs/teologisk (helst kristen) ramme.

Ein av dei er Gudleiv Bø. I første kapittel i *Med lykti i hand*, legg Bø agendaen på bordet og erklærer at Garborg er ”religiøs – men med økumeniske interesser”, og ein ”alltid verande fritenkjar, i eigentleg forstand – ei sökande sjel”. Bø vil gjennom analyse av Garborgs utvikling mellom *Troen på Livet* og *Den burtkomne Faderen* (altså 5 år av Garborgs liv) visa at han er ein ”religiøs på evig leiting”. For å få til det er han nøydd til å mistenkje Hulda for ikkje å skjønna kva mannen hennar trudde og meinte i religiøse spørsmål. Bø hevdar meir eller mindre direkte at Hulda manipulerte Garborgs dagbøker då ho redigerte dei etter hans død. Ikkje bere fiksa og ordna ho det slik at Garborg framstod som mindre religiøs enn han var, men Garborg forstod slett ikkje sjølv medan han levde kor kristen han eigentleg var. For det er det Gudleiv Bø som skjønar.

Dette vert konspirasjon på høgt nivå.

---

<sup>1</sup> <http://www.framtiden-er-din.com/norsk/vi/boker.htm>

## **Livet som rettferd – og sosialøkonomi**

På den tida Garborg skriv *Jesus Messias* oppdagar han den amerikanske sosialøkonomen Henry George. Dermed utvidar han etter kvart Jesus-Messias-prosjektet til eit rettferds- og samfunnsprosjekt, som engasjerer han resten av livet. Han set i 1908 punktum for si skjønnlitterære verksemd med *Heimkomin Son*. Der knyter han desse to prosjekta saman til eitt. Når ein skal diskutera dette, kan ein altså ikkje skilja Garborgs livssyn (som forfattarane oftast kallar religion/teologi) frå samfunnssynet. Berre Tor Obrestad og Gudleiv Bø nemner samfunnssynet. Men Bø gjer bommerten å karakterisere Garborg som antikapitalist. Når Rolv Thesen sekundert av Gudleiv Bø kallar Garborg ”den mest fanatiske antikapitalisten Noreg har hatt”, så har korkje Bø eller Thesen skjøna mykje av kva Garborg dreiv med dei siste 20 åra. Det var kapitalistane, ikkje kapitalen, Garborg kritiserte. Å skulda Garborg for å vera antikapitalist er som å skulda Kåre Willoch for å vera antikapitalist fordi han kritiserer grådigeheit og korrupsjon hos kapitalistane. (Bortsett frå dette, inga samanlikning) Georgismen var ikkje ei antikapitalistisk rørsle.

*Med lykti i hand* har ikkje med ein einaste statsvitar eller sosialøkonom som kan forklara kva Garborgs samfunnssyn eigentleg gjekk ut på. Han såg nemleg økonomi som moralfag, og der, i kryssningspunktet mellom Jesu rettferd og Henry George sin praktiske skattepolitikk, såg han framtida. Han meinte at det kunne ta 50 år å byggja om landet til dette nye systemet. Om eit slikt system hadde vorte gjennomført, ville vi verken hatt miljø- eller finanskriser, i alle fall om dei andre entusiastane Winston Churchill, Leo Tolstoy og Sun Yat Sen som Kinas første president hadde rydda opp i resten av verda. Men første verdskrigen kom i vegen og stoppa alt.

I åra fram mot første verdskrigen var det framleis depressive nedturar, men det kom meir ro over tilværet. Men det var ennå krut i han. Hulda skriv i innleiinga til dagbøkene hans om denne tida:

*Radikal og eldhuga som ein ungdom, utrøyttande, trassig og seig heldt han på med å 'hamre inn i folk', at det einaste som etter hans meining no kunde berge Noreg, ja heile verda, var at jorda, liksom luft og vatn, vart fri for alle, etter Henry George's grunntanke.*

Garborg skaffa seg dei siste 20 åra ein kombinasjon av spirituell, etisk, økonomisk og økologisk (ordet fanst ikkje den gongen) innsikt som verda i dag ropar etter, og som faktisk kunne ha (og framleis kan) hindra det samanbrot som trugar menneskeslekta og mykje anna liv. I dag kan ein sjå tilbake på Garborg si tid og framover på dei kriser vi har hamna i fordi vi har ein global økonomi som er fråkopla økosystemet. I lys av dette kan ein fundera som forfatternen til *Henry George Revisited*<sup>1</sup> gjer i *The American Journal of Economics and Sociology* i November 2005 (eiga oversetjing):

*Ein kan gjerne spekulera over korleis verdshistoria kunne ha arta seg i det 20. hundreåret om Marx ikkje hadde alliert seg med ei plausibel, men feil revolusjonær sak, og i staden hadde slutta seg til filosofien til Henry George.*

Garborg skriv i dagboka 11. august 1921:

*Er det då fåfengt reint å drøyme om Fred og om Rettferd? - Nå-ja; for Verda. Men ikkje for dei som trur på det sanne; for dei har Livet ei Mening, som for dei andre er Skodde og Natt. Dei høge Menneskjetankar har Verd i seg sjølve, og dei som ser og er med på det høge og*

rette, dei lever det sanne Menneskeliv, og står seg på det, om dei i det ytre taper på det, kan hende. Men alt det må ein skjønna sjølv; det gjeld kje for Verda.

## **Jesus Messias på nytt**

Jon Hellesnes skriv alltid bra. Det gjer han også her, men om heilt uvesenlege ting. Han filosoferer og filosoferer over Garborg som moralfilosof i boka *Jesus Messias*. Om dette kan vera filosofisk interessant for filosofar, så er det irrelevant for vanleg folk. For heller ikkje Hellesnes som sekulær teolog skjønar kor Garborg vil. Gnosis er tydeleg eit ukjent omgrep, og dessutan ikkje filosofisk.

I dagbøkene (ca 200 sider til saman) kjem Garborg gong på gong tilbake til konklusjonen på sitt Jesus-Messias-prosjekt og korleis han 70 år gamal får nye impulsar til å omredigera boka til eit mykje større verk. Som riksrevisor på Stortinget frå 1879 til 87, hadde han fått innsikt i heile det norske økonomiske og politiske systemet og lagt grunnlaget for sin sosiale innsikt og si granskarevne. Denne fekk han bruk for 20 år seinare då han skreiv revisjonsrapporten på Nytestamentet: *Jesus Messias*. Og nå, 25. juni 1921 skriv han i dagboka:

*Og i den nye og (umstelte) "Jesus Messias", eg lenge hev tenkt paa, kunde mykje av det forvitnelegaste han (Sri Ananada Acharya) hev havt framme kunna faa Rom; Kristus er nok eldre og meir arisk – enn Europa drøymmer um.*

Den indiske vismannen Sri Ananda Acharya flytta til Noreg og busette seg ved Tronfjellet i Alvdal. Garborg trefte han og fekk nye impulsar som bekrefta kva han sjølv hadde erkjent: at sjøelve Livet er heilag. Omsetjinga saman med Acharya av det vediske eposet *Ramayana* (*Rama-kvædet*) til norsk, sette ny fart på hans tankeverd. Han var nå komen i nærkontakt med ein stor esoterisk og mytologisk tradisjon frå ca 800 f.v.t., som såg "Kristus" som meir av eit universelt prinsipp enn noko som kunne koplas til levande personar.

Geir Winje er den einaste i *Med lykti i hand* (under avsnittet "Garborg i skolen") som ser noko stort i Garborgs universelle livssyn og meiner han kan brukast i RLE-faget, som eksempel på toleranse og at menneske med ulike tru kan forstå og anerkjenna kvarandre. Winje meiner at *Ramayana* er hinduisme, men eposet oppstod i den vediske tradisjonen før hinduismen, og er kjent i ulike versjonar over heile Asia.

Då Garborg trefte Acharya, var han ferdig med omsetjinga av Homers *Odyssé*. Gjennom gresk mytologi frå same tidsperioden som *Ramayana*, hadde han vidareutvikla sin spirituelle og mytologiske innsikt. *Odysséen* er som *Ramayana*, og like eins som *Haugtussa*, under den poetisk-eksoteriske overflata, eit symbolsk verk om lagnaden til menneskeslekta. Dette går det ikkje å setja litterære, filosofiske eller teologiske peikefingrar på, men det er noko folk flest kan oppleve, spesielt dei som er "folk av mitt slag".

Difor vart omsetjinga av *Rama-kvædet* noko mykje meir for Garborg enn eit lingvistisk prosjekt.

Winje hevdar at Garborg i staden for å finna sanninga, fann mange sanningar. Slik er han i tråd med redaktørane av *Med lykti i hand* som gjerne vil ha mannen rådvill livet ut. Men dei som utan teologiske briller les Garborg og kva han skriv i dagbøkene om sin eigen litteratur kan sjå korleis han stadig fordjupar si livsanskuing som ei syntese av mange sanningar. "Folk

av mitt slag” har ingen vanskar med å sjå korleis dei ”mange sanningar” i botn og grunnen er EI.

Hellesnes undrar ikkje det minste kvifor Garborg ville laga ein ny versjon av *Jesus Messias*. Tenk om han hadde lurt litt på kva som skulle stå i den!

Hellesnes er elles inne på Albert Schweitzers gjennomgang av Jesus-forskinga før og omkring 1900. Han filosoferer filosofisk omkring dette, men det fell han ikkje inn å sjå etter korleis *Ærefrykt for Livet* (*Reverence for Life*) hos Schweitzer er heilt på linje med Garborg i *Troen på Livet* og *Jesus Messias*. Her kan ein (om viljen er til stades) sjå korleis spiritualitet/gnosis verkeleg er noko heilt anna enn religion/teologi. Difor kan heller ingen teologi fanga *Ærefrykt for Livet*, og all moral-teologisk-filosofisk tranedans vert i samanlikning til inkjevetta å rekne.

### **Til helvete med helvete**

Jan Inge Sørbø likar ikkje helvete. Difor tek han Garborg til hjelp for å avvikla det. Men samstundes må han skriva noko fornuftig om Garborg, og då kjem han på at det nok var redsla for helvete som gjorde at Garborg skreiv så bra. Det var angsten som dreiv han heilt frå barndommen av og held ved lag den brennande forfattarelden. Men då han endeleg hadde avvikla helvete i *Jesus Messias*, så kom det ikkje meir framifrå skjønnlitteratur. Då må det vera heilt logisk at det var på grunn av at helvete nå var borte. Når Sørbø også for seg sjølv avviklar helvete, som også paven i vår tid har avlyst, så gjenstår underforstått ein Garborg som sikkert hadde vore ein like god kristen som Jan Inge Sørbø (om det ikkje var for dette helvetes helvete).

### **Den spirituelle sanninga om Garborg**

I dette skrivet har eg harselert med nokre av forfattarane som elles skriv bra og interessant på mange vis. Men eg har sett saka på spissen for å få fram dette: At dei teologisk-religiøse diskursane vert totale skivebommar. Det er sørgjeleg at så mykje teologisk-filosofisk arbeid er lagt ned til fånytt utan at ein kjem nærare livssynet til ein av våre største tenkjarar, eit menneske som ikkje let seg teologiseras, om ein aldri så gjerne vil.

Livsgåta kan etter Garborg (og Tolstoy) ikkje løysast av teologi (frelse), vitenskap eller filosofi, men berre i kvar og ein sitt hjarta under leiing av samvitet. Kvart menneske er såleis utrusta med eigenskapen (Kristos) til å kunna bli sin eigen Messias i det Gudsrike som alle store meistrar har tala om.

Konklusjonen vert denne: Økosofen og verdsborgaren Arne Garborg er mykje større enn boka *Med lykti i hand* og dei fleste litteratar og teologar ennå har oppdaga – eller ynskjer å kjennast ved.

---

<sup>i</sup> Henry George Revisited: [http://www.cooperativeindividualism.org/orleans-godfrey\\_on-henry-george.html](http://www.cooperativeindividualism.org/orleans-godfrey_on-henry-george.html)